

# Årsmøte i Vennelaget for Lennessmannsgarden

Tysdag 15 mars 2016, klokka 19.00 i Løestova

Det var 14 frammøtte.

## Sak 1: Val av møteleiar

Nestleiar i styre, Erik T. Skretting, vart vald til møteleiar.

## Sak 2: Val av referent og personar til å signera møteboka

Ingvild Lye Skretting vart vald som referent. Jon Harald Håland og Tobias Ånestad vart samrøystes velde til å signera årsmøteprotokollen.

## Sak 3: Årsmelding

Eirik T. Skretting las opp årsmeldinga. Det var ingen merknader til meldinga og den vart samrøystes vedteken.

## Sak 4: Rekneskap

Geir Egil Rosland gjekk gjennom rekneskapen for Vennelaget. Det vart diskusjon om pianoet som var gitt som gåve frå SR-Bank skulle takast med i rekneskapet. Det vart konkludert med at det ikkje sko med då dette var ei gåve gitt til Lennessmannsløa og ikkje til vennelaget. Elles var det ingen kommentarar til sjølve rekneskapen og det vart samrøystes vedteken.

## Sak 5: Arbeidsprogram for komande styreperiode

Eirik T. Skretting las gjennom arbeidsprogrammet for 2016. I tillegg vart det orientert om at kommunen ligg i forhandlingar om kjøp av tomt som planleggast brukt til parkeringsplass for Lennessmannsløa. I den forbindelse vart det også teke opp om ein på ny bør prøva å få fjerna jordhaug ved leikeplass utanfor Lennessmannsløa for å kunne bruke området til parkering. Vellaget i Lennessmannsgarden var i si tid imot dette og ein bør derfor gå forsiktig fram dersom ein vel å forsøke prøve å få dialog med vellaget igjen om fjerning av jordhaug til parkering.

Det vart reaksjon på punktet i arbeidsprogrammet for 2016 der det står at ein skal støtta kommunen i samband med installering av heis. Det vart kommentert at det ikkje er ynskje om heis og at ein derfor ikkje bør støtte kommunen i samband med installering av heis. Styret orienterte om at det er gitt klar beskjed til kommunen at heis ikkje er noko ein vil ha men då kommunen ikkje har let seg overtala her,

finn ein at det beste er å spela på lag med kommunen i denne saka for å få til ei best mogleg ordning og halda eit godt samarbeidsklima.

**Sak 6: Innkomne forslag**

Det var ingen innkomne forslag.

**Sak 7: Val av styre**

Solveig Ånestad leia valet. Styret vart vald med akklamasjon.

Leiar: Kjetil Skrettingland, attval 1 år

Styremedlem: Lenita Salte, ny, 2 år

Styremedlem: Odd Einervold, ny 2 år

Fast møtande vara medlem: Ruth Kristensen, ny 1 år

Ikkje på val:

Styremedlem: Geir Egil Rosland, 1 år igjen

Styremedlem: Karin Hauge, 1 år igjen

**Sak 8: Val av revisor**


Terje Bø vart vald med akklamasjon.

**Sak 9: Val av valnemnd**


Eldar Odland vart vald inn med akklamasjon for 3 år.

**Sak 10: Eventuelt**


Det har kome inn reaksjon på at vindauga i Løa er skitne. Det vart bestemt at det skulle drøftast med vaktmester kven som har ansvar for vindusvask.

  
Ingvild Lye Skretting

referent

  
Jon Harald Håland

på vegne av årsmøtet

  
Tobias Ånestad

på vegne av årsmøtet